

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 14.05.2020

SAKSHANDSAMAR: Helge Robert Midtbø/Renate Kvamme

SAKA GJELD: **Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Lærdal og
Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/3608

STYRET:

Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:

28.05.2020

STYRESAK:

030/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtar makebytte av om lag 1 600 m² fra gbnr. 4642-27/13 mot om lag 1 600 m² fra Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, gbnr. 4642-27/11.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Oppsummering


Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus (BS-LSH) ønsker å makebytte om lag 1 600 m² tomt tilhøyrande Sjukehusvegen 11 (gbnr 27/13), med om lag 1 600 m² tomteareal frå «Oftakassa» (gbnr 27/11) tilhøyrande Helse Førde (HF). Helse Førde vil med dette få ei samanhengande tomt og BS-LSH får tomteareal nær sjukehuset til utvikling av sin bustadportefølje, utan at det er til hinder for Helse Førde si utvikling av Lærdal sjukehus.

Fakta

Helse Førde HF har vore i ein lengre prosess med Bustadstiftinga i Lærdal i høve forvaltning av utleigebustadane som stiftinga eig, og som Helse Førde leiger inn for utleige til sine tilsette. Sogn og Fjordane fylkeskommunen har også hatt bustader i Lærdal som Helse Førde har leigd direkte av Fylkeskommunen. Fylkeskommunen har lenge ønskt å selje sine bustader til Bustadstiftinga, og etter årelang prosess vart dette formelt sluttført i desember 2019.

Bustadstiftinga i Lærdal har, i samarbeid med Helse Førde, starta på ein vedlikehalds- og utviklingsplan for den samla eigedomsmassen dei no eig i Lærdal. Nokre einingar, blant anna eit hybelhus, er allereie avvikla pga. manglande vedlikehald. Stiftinga ønsker også å selje ut fleire av dei, i dag mindre eigna bustadane. Stiftinga er i skissefasen for å bygge eit nytt hybelhus og i samråd med Helse Førde er det ønskeleg å plasser dette så nær Lærdal sjukehus som mogleg. Helse Førde er derfor spurt om dei vil makebytte «Oftakasse»-tomta (gbnr 27/11) mot deler av Sjukehusvegen 11 (gbnr 27/13). Oftakasse-tomta er om lag 1 600 m² og Sjukehusvegen 11 kan med fordel dele frå om lag det same arealet.

Helse Førde vil med dette få ei meir samanhengande tomt, som Helse Førde kan nytte til utvikling av eigen eigdomsmasse.



Kommentarar

Helse Førde har inntil nyleg vore av den tru at Sjukehusvegen 11, gbnr 27/13, høyrd til Helse Førde HF. I BS-LSH sitt arbeid i høve utarbeiding av planskisser og dialog med Lærdal kommune knytt til hybelhuset, kom det fram at eigarskap til gbnr 27/13 ikkje var klarlagt. I gjennomgang av skulddelingar og oppmålingsforretning 12.05.20, syner det seg at både huset og grunnen til Sjukehusvegen 11 høyrd til Sogn og Fjordane fylkeskommunen, og frå desember 2019 Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at Helse Førde HF gjennomfører makebytte av om lag 1 600 m² av gbnr. 4642-27/13 tilhøyrande Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus mot om lag 1 600 m² frå gbnr. 4642-27/11 tilhøyrande Helse Førde HF.